



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr 3

Haust 2023

80. årgang



Dåp i Sandnes kapell Olsokaftan 2023. Dåpsbarnet Anne Rosa Frøysnes trygt i armane på mor Valborg Frøysnes, flankert av fadder og tante Ingeborg Frøysnes til venstre, og ein stolt gofa Torbjørn Frøysnes til høgre. Foto: Tone Norgarden Gakkestad

## Dette kan du lese om i Kyrkjebladet:

Andakt .....	s. 2-3
Kickoff med konfirmantane .....	s. 4
Konsert med The Browns .....	s. 5
I austerled til Åsgårdstrand.....	s. 6-7
Kyrkjejubileum i Åknes kapell .....	s. 8-9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgja ættarrad, friluftsmesse på Austadneset .....	s. 10
Kontaktinformasjon, Olsokfeiring og dåp i Sandnes kapell.....	s. 11

# Se til og ta eder i vare

*Au sokneprest*

Min første heile bibel fekk eg i 1971. Det var ei jolegåve frå Mor og Far som vi høgtideleg kalla dei, men som eigentleg var farmor og farfar. Den bibelen som eg fekk den gongen var ei omsetting frå 1930. Det var nemleg den nyaste omsettinga som var tilgjengeleg på den tida. Og denne utgåva var igjen ein revidert utgåve av 1904-omsettinga av bibelen til bokmål. Altså gamle omsettingar.

## Dansk påverking

Den gangen var det ein sterk dansk påverking på skriftspråket, altså lenge etter 1814, då vi blei fri frå det danske herredømmet. I denne bibelen brukte dei for eksempel pronomena I og eder. «Eder er idag en frelser født» kjenner vel mange frå det gamle juleevangeliet. Det var framleis litt fornemt og høgtideleg å tale embetsspråket dansk. Men dette målet var ikkje så omtykt her oppe i dei indre bygdene. Dei meinte på at det var mest som å tygge tjurt never. Det skal i alle fall min oldefar Ola Fuglestveit ha sagt. Også lensmann i Bygland i mange år, Lars Liestøl, skal ha sagt det same.

Dei sat begge på Stortinget på denne tida, så det er nok noko som dei har tala om der inne.

Og i samband med det kan eg nemne at i 1921 kom den første bibelen på nynorsk, eller det som Lars Liestøl kalla nynorsken: Folkemålet. Han fekk gjennomslag for dette i Stortinget, og som vart vedteken i 1885:

*«Stortinget ynskjer at regjeringi vil sjå til kva som best kan gjerast for at det norske folkemålet, i dei måtar som i dette brevet er innmeldt, kan få full rett og fridom jamsides med bokmålet».*

Ikkje lenge etterpå same året kom det såkalla Jamstellingsvedtaket.

## Sjukdommar

Vi har lagt nokre vanskelege år bak oss med korona-pandemien. Og framleis høyrer vi at den poppar opp her og der. Sjukdommar av alle slag har følgt menneska heilt i frå tidenes morgon. Nokre av dei har vært svært smittsame, og har utvikla seg til pandemi, dei har blitt verdsomspennande. Dei har spreidd seg som eld i tjurt gras. Vi har hatt både pest, tuberkulose, polio, spanskesjuka, koppar, lepra og svartedauden, og meire med.

Kvifor skriv eg her i ei andakt om pandemi og sjukdommar? Jau, fordi det i min første bibel var brukt eit spesielt ord på en heilt spesiell sjukdom: Nemleg «havesyke».

Om denne "havesyken" kan vi lese om i Lukas 12,15:

*Og Jesus sa til dem: Se til og ta eder i vare for all havesyke! For ingen har sitt liv av sitt gods, om han er nokså rik.*

Ein kan jammen lure på kva denne havesjuka er for noko. Og for på få svar på det kan vi gå til den nyaste omsettinga av bibelen. Der lyder det same verset slik:

*«Ta dykk i vare for lysta til alltid å eiga meir!  
For det er ikkje det du eig, som gjev deg livet, om du har aldri så mykje.»*

Ei helt ny bibelomsetting kom i 1978 på begge målføre. Det tok heile tjue år å få den ferdig! Det er eit

# re for all havesyke!

*Kjell Steinbru*

stort og krevjande arbeid å omsette bibelen. Det er om lag 740.000 ord i bibelen. Og kvart ord må vurderast nøye. Den omsettinga vi bruker nå kom i 2011.

## **Mammon**

Ein del ord ifrå bibelen si grunntekst finnes det ikkje tilsvarande ord på i det norske språket. Og då er det ikkje alltid så lett å omsette. Og eit av dei orda er det som bibelen kallar Mammon. Jesus tala ein hebraisk dialekt som heter arameisk, mens heile det nye testamente vart skriven på den tids verdsspråk, som var gresk.

Og når dei på den tida skulle omsette Jesus sine preiker var det ikkje heller på den tida alltid så lett å finne dei rette orda. Så då vart mellom anna det som Jesus kalla mammon, berre ståande i den greske bibelen. Og på den måten kom ordet mammon også inn i den norske bibelen. For vi har ikkje noko godt ord i det norske språket for lysta til alltid å eige meir. Så då har dette altså berre blitt ståande. Det nærmaste til ordet mammon er grådighet. Men det er heller ikkje helt dekkande. I den norske bibelen blir mammon forklart med det å ville tileigne seg pengar, formue og eigedom. MEN: Lysta til alltid å eiga meir, er vel noko dei aller fleste kjenner seg igjen i. Øystein Sunde skriv i ein song: «Det var så mye jeg ville ha, men fikk jeg det, å langt ifra!» Øystein Sunde vaks opp rett etter krigen, og på den tida var det langt frå så mykje pengar i omløp som det er no.

## **Lukke**

Når ein ser litt tilbake, har det skjedd utruleg mykje på veldig kort tid. Men noko har ikkje endra seg. For når en måler folk si oppleving av lukke, har den ikkje gått opp på same måten som velstanden. Opplevinga av personleg lukke viser seg å være nokså konstant og faktisk ganske uavhengig av velstanden. For det finns to slag rikdom. Det finns ein rikdom som ein kan måle i feite bankkontoar, i glitter og stas, makt og ære. I alle dei tinga vi omgir oss med. Men så finns det også ein annan rikdom som ikkje er så lett å måle, men som mange menneske kanskje meir ubevisst søker. Det er den indre rikdommen. Den kjensla vi kan ha inne i oss, nemleg ei kjensle av å ha eit rikt liv. Men eit rikt indre liv kan ein ikkje kjøpe for pengar. Det må vi søke å få til på anna vis.

## **Overflod**

Overflod er eit ord på bokmålet som har to forskjellige ord på gresk. Jesus sa ei gong: «Eg er komen for at de skal ha liv og overflod». Og ei anna gong sa han: «Ta dykk i vare for lysta til alltid å eige meir! For det er ikkje det du eig, som gjev deg livet, sjølv om ein har overflod.»

Med liv og overflod, meiner Jesus ein indre overflod. Jesus åtvarar oss altså mot mammon. Men Jesus peiker også på eit alternativ: Den indre rikdommen som vi kan ha i følge med han på livsens veg. Det kviler eit stort ansvar på oss som har så mye pengar og rikdom som vi har her i Noreg. Det er ikkje berre det at rikdommen ikkje gjer oss meir lukkelege. Men vi har alle eit ansvar for å «dele dine gåver rett», som vi ber i ei kyrkjebøn.

Ein salmediktar som har skriva mange fine salmar heter Trygve Bjerkheim. I eit av versa i salmen «Han tek ikkje glansen av livet», står det følgjande:

*Du hører dei dårande røyster, som lovar deg gullglim og glans.  
Men ingen legg lys over vegen, som Jesus og kjærleiken hans.*



# Kick-off med konfirmantane

Tekst og foto: Kjell Steinbru



No har eit nytt konfirmantår starta. Og på sundag den 27. august vart det sparka i gang. Då hadde konfirmantane i Bygland og Evje/Hornnes eit felles Kick-off-arrangement på Troll Aktiv på Syrtveit. Her gjekk det i teambuilding og spanande opplevingar. Det er innmeldt åtte konfirmantar frå Bygland i år. Vidare utover hausten vert det undervisning, gudstenester og leir på Knaben. Den er felles med Evje og Hornnes konfirmantane. Før jol vert det ei vakker ljosomesse. Konfirmasjon er ein eineståande mogelegheit til å bli kjend med den kristne budskapen. Undervisninga skal vere spanande og gje mogelegheit til å finna ut kva kristendomen eigenleg er.

På det øvste biletet ser me 6 av 8 Byglandskonfirmantar klare til dyst!

Desse er frå venstre: Torjus Haugen, Tarjei Homme, Ole Christian Carlsen, Sigurd Lidi Fjalestad, Iselin von Hafenbradl og Mari Lidi Kvåle.

Ingrid Marie Berås og Solveig Greibokk var ikkje til stades.





# Konsert med the BROWNS

*Tekst og foto: Olav Nilsen*



Onsdag 16. august var den amerikanske country-gospelgruppa The Browns attende i Bygland kyrkje med ein flott konserter som samla fulle hus.

Dei starta dagen med vitjing i Setesdal Mineralpark, og utsøkt middag på uteterrassen på Dølen Hotel. Gruppa som består av mor Shelly, og borna Adam, Michaela og Andrew var her sist for 5 år sia, og såg fram til å kome attende til fagre Bygland.

Og når sola skein frå skyfri himmel med gradestokken godt over 20 grader, vart det ein strålende dag og kveld! The Browns heldt ein forrykande konsert med ei saleg blanding av gospel, country og gamle salmer – alt framført med ei innleving av det sjeldne!

Ikkje minst imponerte dei med felespelet sitt – både kvar for seg, i samspel på ei fele, og på kvarandres fele!

I pausa gjekk eit lydhørt publikum utomhus i den fine sumarkvelden, og snart kom famelien Browns ut og drøste med bygdefolk og tilreisande – noko som fleire etterpå roste i klare ordelag. Men så er dei jo sjølve enkle landsens folk frå staten Iowa, der famelien driv ein stor farm. Etter konserten ville dei gjerne bli fotografert saman med den flotte elevflokken frå KVS Bygland som deltok på konserten med liv og lyst! Ein gild kveld og ei stor musikalsk oppleving som varma i lang tid etterpå!





# *J Austerled Til Åsgårdstrand*

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Siste helga i august gjekk den årvisse turen for Vonheimkoret og dei kyrkjelg tilsette av stabelen. Me plar veksla på utland og innland, og sia fjorårsturen gjekk til solfylte Spania, fann me ut at solfylte Åsgårdstrand i Vestfold var eit godt alternativ i gamlelandet.

Åsgårdstrand var først eit såkalla "ladested" på grunnlag av trelastutførsel, skipsbygging og skipsfart; frå 1650 under Tønsberg, fra 1660 under Holmestrand. I 1752 fikk staden privilegier på å driva handel med innanlandske varer. På byrjinga av 1800-tallet var staden ei livlig utførselshavn for trelast, først til England, seinere til Nederland. Staden stagnerte då seilskutetida var over. Ein del "patrisiergardar" frå byens storhetstid står igjen, og fleire vakre, gamle hus, blant anna Åsgården. Byen har tronge smågater med eit uregelmessig gatenett. Åsgårdstrand har frå 1880-årene vore ein populær feriestad. Byen var tidlegare eit sentrum for kjende målarar, først og framst Edvard Munch og Hans Olaf Heyerdahl. Huset som Munch kjøpte i 1897, vart etter hans død solgt til Horten kommune og åpna i 1947 som museum. Huset står i dag slik det gjorde då kunstnaren sjølv levde og arbeidde i Åsgårdstrand. Det kjende maleriet "Pikene på broen" har brygga og Kiøsterudgården som bakgrunn. Byen har ei rekke mindre galleri. Åsgårdstrand kyrkje som vart innvia i 1969 er og ei messe verdt, noko me kjem attende til etterkvart.



*På gjestebod i hagen til Harald og Gunvor Lie.*



Det var ein triveleg gjeng som sette seg i turbussen til KVS Bygland fredag ettermiddag, og med Svein Kleivane som dugande sjåfør. Han veksla bak rattet med Gunnar Gautland, og med slike karar bak spakane går alle reiser trygt og greitt for seg.

Me var framme allereie i halvåttetida på kvelden, og vart innkvartert på fyrstelege Grand Hotel, som ligg idyllisk til heilt nede ved Oslofjorden. Lenger ute ligg Bastøya, og på andre sia av fjorden ser ein store deler av Østfoldkysten. Etter ein velsmakande middag og ei god røe i salongen etterpå gjekk trøyte Byglendingar og anna godtfolk til sengs. Ekstra stas var det å ha med seg vår nye prostidia-kon Åse Gudrun Thortveit, som straks fann seg til rette i det hugnadssame reisefølget.

Veret var noko regnfullt og grått – både på fredagskvelden og store delar av laurdagen, men ikkje verre enn at sightseeing og tur på laurdags føremiddag stort sett gjekk tørrskodd føre seg. Dagen starta med ein god frukost, og deretter morgonsamling i Åsgårdstrand kyrkje. Her tok sokneprest Eli Fjose varmt imot oss, saman med eit par andre trivelege damer i kyrkjelyden. Vår eigen sommarorganist Hans Jurgen Wiehe spelte orgel, og saman med ei drivande dyktig dame på bratch vart de reine orkestermusikken til morgonsongen, der og Vonheimkoret deltok.

Så vart det rusletur i denne idylliske småbyen, og nok eit musikalsk høgdepunkt klokka 12! For då var det operamatine utanfor det gamle rådhuset, med Rami Valimaki, Anna Valentik og Oddbjørn Vikan som dugande musikarar og songarar. Og dommen var klar etter den glitrande forestillinga: Han med det mest finsk-klingande namnet imponerte med ein operastemme som tyktes bera over halve Oslo-fjorden!

Etter ein god middagskvil vart det ny samling i eit av møteromma på Grand Hotel. Då kom ein pensjonert skulemann med det klingande namnet Alf Henrik Engen og fortalde den spananda historia om Noregs eldste lutherske frikyrkje: Det Evangelisk-Lutherske Kirkesamfunn (DELK) som har sitt hovudsete i Tønsberg. Og her deltok me på ein flott gudsteneste søndag føremiddag, der prest Morten Askjer tala, og Vonheimkoret song. DELK Tønsberg er ein stor og levande kyrkjelyd med medlemmar i alle aldersgrupper, og etter gudstenesta vanka det kyrkjekaffi og ein god drøs med alle dei som kom og helste på oss! Alt i alt var dette ei stor oppleving, men aller sterkast inntrykk gjorde det då me vart invitert til gjestebod heime hos Gunvor og Harald Lie som er aktive medlemmer av forsamlinga. Her vanka det god heimelaga middag med elgsteik, nypoteter, grønnsaker, sopp og brun saus inne i den trivelege lafta stova, og med velsmakande dessert i den unelege hagen etterpå. Maken til gjestefridom og hjarterom skal ein leita lenge etter! Svein Kleivane har av og til savna poteter på turane våre, og vart så glad over serveringa at han spontant og utan forvarsel framførte sitt kjente "Potetkvad" – denne gongen i den meste karismatiske varianten med både song og klapping! Så tok med fatt på heimvegen, og som det plar vera på ein søndags ettermiddag sovna den eine passasjeren etter den andre, så det tilslutt berre var ein årvåken Gunnar Gautland bak rattet som heldt auga oppe då me nærma oss heimetraktene. Og alle var einige om at det hadde vore ein gild tur!



150-årsjubileum i Åknes kapell



Munchs hus i Åsgårdstrand.

# Kyrkjejubileum i Åknes kapell

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Søndag 20. august var det ei storstilt jubileumsfeiring i Åknes kapell i samband med at dette flotte kyrkebygget har vore til velsigning for Åsdølane og Logndølane i 150 år.

Og på denne fagre og solfylte augustdagen kunne jubileumskomiteen med Arna Berg og Kari Røynlid i spissen ønskje eit fullsett kapell hjarteleg velkomen.

Vår eigen sokneprest Kjell Steinbru forretta og tala over dagens tekst. Denne finn du att i andakten hans i dette nummeret av kyrkjebladet. Prost Rune Stormark og fleire av "gamleprestane" i Åseral var og til stades og kasta glans over jubileet. Organist Oddbjørn Stakkeland imponerte både på orgel og trompet, og Åserals eigen Kari Røynlid framførte gamle folketonar og salmer så gripande vakkert at det varma langt inne i sjela.

Etterpå var det ein strålende jubileumsfest på Lognavatn Grendehus, der det vart servert rykande varm og god heimelaga kjøtsuppe, dessert og eit stort kakebord. Og ingen tvil om at "rosinen i pølsa" var den store marsipankaka med Åknes kapell som hovudmotiv!

Helsingar og gode ord var å høyre frå alle kantar, og alt vart leia på beste vis av Arna Berg! Under sjølve gudstenesta hadde Gunstein Kallhovd eit historisk tilbakeblikk, basert på eit omfattande notat som ein her tek med nokre utdrag frå.


På odden ved Lognavatn, der Åknes kapell ligg, fortalde dei gamle at det skal ha stått kyrkebygg attende til eldgamal tid. Det var lang kyrkjeveg ned til kyrkjebygda i Åseral, og bøndene på Espelid og Austegard laut helst stå opp i 2-tida natt til søndag skulle dei rekka fram til gudstenesta i tide. Og dermed vart det eit sterkare og sterkare ønske blant Logndølane å få sitt eige kyrkjebygg i heimbygda. Men først då Logndølen og lensmann Knut Liestøl kom på Stortinget lysna det med tanke på å få statsstønad til dette prosjektet.



12. juli 1869 vart det sendt søknad til kongen om løyve til å bygga kyrkjehuset, underskreve av 28 oppsitjarar. I søknaden vart nemnd dei vanskelge kommunikasjonstilhøva og dei harde økonomiske forholda som skulle tilsei eit statleg tilskot, og det vart søkt om 400 spesidalar. Søknaden gjekk i gjennom, og dermed kunne dei gå i gang. Arbeidet med å reise kapellet vart påbegynt sommaren 1872, og stod ferdig og vart innvigd 1. oktober 1873.

I dette høve skriv Åserals dåverande sokneprest Brager





Soknepresten i Bygland og Åseral, Kjell Steinbru talar til kyrkjelyden.



Kari Røynlid song seg inn i alles hjarta med fagre folketonar.

følgjande i Aaseral kallsbok den 6.desember 1873: "Allerede lenge havde beboerne ved Lognavatnet ønsket at have sit eget Gudshus in i sin midte. Da evnen imidlertid er liten, formaaede de ikke at bygge et saadant ved egen hjelp alene, hvorfor Storting og regjering i 1872 på Bygdelagets instendige ansøgning bevilgede et bidrag på 400 Spd. Byggingen av Kapellet blev straks paabegyndt, og det tekkelige Gudshus på Aaknes Odden stod ferdigt i høst, og inviedes den 1.oktober 1873 av prost Blom, assistert av 5 prester. Vor kjere himmelske Fader bevare og opholde sit rene Ord i Aaseral Menighet, han hjelpe og forfremme Menigheden til et sandt Liv for Jesu Kristi Skyld".

Frå sjøle vigslinga kan ein lesa at dagen rann med strålende ver, og at bygda fekk syna seg i den fagraste haustskrud. Vidare kan ein lesa: "Som ein spegel laag Lognavatnet der og spegla attende alle fagerdomen fraa dei fargerike lier. Og midt i all denne venleiken stod det nye Kapellet, ukledt og einfelt, men omringa av spaning og varme tankar og peika med taarnet op i den klare lufta, høgt, heilt opp til Gud"



Jubileumskaka før ho vart spretta.

Soknepresten i Valle, prost Blom, som skulle forestå vigslinga, var komen over heia på hesteryggen saman med fleire Setesdølar som hadde tatt vegen denne dagen. Dei bar "brikjande Setesdalsbunader" står det å lesa. Og Byglandspresten Bagge var sjølv sagt og på plass!

Ikkje så rart då at Arna Berg ymta fram på om ei mogeleg pilegrimstur frå Bygland til Åknes kapell neste sommar. For kunne dei ta vegen over heia i gamle dagar, må ein vel kunne gjera det same i dag og. Den som lever får sjå. Slik Åknes kapell no har stått der på den fagre kyrkeodden ved Lognavatnet i 150 år!



Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

**Gudstenester**  
Bygland og Årdal sokn  
september 2023–desember 2023

**Facebook:**

[www.facebook.com/Byglandskyrkjene/](http://www.facebook.com/Byglandskyrkjene/)

**Heimesida:**

[www.kirken.bygland.no](http://www.kirken.bygland.no)

**Søndag 17. september. 16. søndag i treeiningstida.**

Sandnes kyrkje, Åraksbø kl. 16.00.  
Gudsteneste ved Rune Stormark.

Dåp.

Organist: Knut Olav Uppstad

Tale ved Hilde Haanes Halvorsen frå Normisjon.

Preiketekst: Markus 7,31-37. «Den døde som hadde vondt for å tala.»

Takkoffer til Normisjon

**Laurdag 23. september**

Sandnes kapell kl. 11.00.

Dåpsgudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Knut Olav Uppstad

**Søndag 8. oktober. 19. søndag i treeiningstida**

Bygland kyrkje kl.19.00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Diakoniens dag.

Organist Knut Olav Uppstad

Prostidiakon Åse Gudrun Thortveit og

Vonheimkoret vert med.

Takkoffer til prostidiakoniarbeidet

**Søndag 15. oktober. 20. søndag i treeiningstida.**

Årdal kyrkje, Grendi kl. 16.00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Presentasjon av dei nye konfirmantane.

Organist: Knut Olav Uppstad

Preiketekst: Johannes 11,1-5. «Jesus vekkjer opp Lasarus.»

Takkoffer til Frelsesarmeen

**Søndag 5. november. Minnedag**

Sandnes kyrkje, Åraksbø kl. 11.00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Organist: Knut Olav Uppstad

Preiketekst: Johannes 6.37-40. «Den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort.»

Takkoffer til Søndagsskoleforbundet

**Søndag 19. november. 25. søndag i treieiningstida.**

Årdal kyrkje, Grendi kl.11.00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Knut Olav Uppstad

Preiketekst: Markus 2.1-12. "Den lamme mannen"

Takkoffer til Bibelselskapet

**Søndag 3. desember. 1. søndag i advent**

Bygland kyrkje kl.19.00.

Gudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Knut Olav Uppstad.

Preiketekst: Lukas 4.16-22a. "Jesus i synagogen i Nasaret".

Takkoffer til Den norske Misjonsallianse

**Søndag 24. desember. Jolaftan**

Byglandsheimen kl.13.00.

Bygland kyrkje kl.14.30

Jolegudsteneste ved Knut Gakkestad

Organist: Brit Haugen

Preiketekst: Lukas 2.1-20. Jesus vert fødd

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

**Søndag 24. desember. Jolaftan**

Årdal kyrkje, Grendi kl.16.00

Jolegudsteneste ved Kjell Steinbru

Preiketekst: Lukas 2.1-20. Jesus vert fødd

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

**Måndag 25. desember. 1.joledag**

Sandnes kyrkje, Åraksbø kl.16.00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Knut Olav Uppstad

Preiketekst: Johannes 1.1-14. "Ordet vart menneske"

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

**ÆTT SKAL FYLGJA**

**ÆTTERRAD**



**Døypte**

Anne Rosa Frøysnes, døypt 29.07.2023 i Sandnes kapell Åraksbø.

**Døde**

Magnhild Homme, født 04.04.1936, død 20.06.2023

Gro Sandnes, født 20.09.1929, død 21.06.2023

Gunhild Sandnes, født 14.09.1924, død 03.07.2023

Aaslaug Eldhuset Lidi, født 12.02.1947, død 30.07.2023

Egil Bygland, født 22.10.1945, død 17.08.2023

*Friluftsgudsteneste på Austadneset*

**Tekst: Knut Gakkestad**

Søndag 2.juli var det friluftsgudsteneste på Austadneset, Prest denne dagen var Kjell Steinbru, og Knut Olav Uppstad spela som alltid veldig fint på orgelet sitt. Teksta denne sundagen var frå Matt,7,15-20 der Jesus seier "Tak dykk i vare for dei falske profetane".

Kjell siterte frå Trygve Bjerkreheim si kjende salme "Han tek ikkje glansen av livet". Eit av versa lyder slik: "Du høyrer dei dårande røyster som lovar deg gullglim og glans, men ingen legg lys over vegen som Jesus og kjærleiken hans". Jesus er det einaste botemiddelet mot dei falske profetane.

19 stykke hadde funne vegen til Austadneset denne søndagen, Det kom inn 850 kr i kollekt til Israelsmisjonen. I tillegg kjem det som kom inn på Vipps. Etter gudstenesta tok folk seg god tid til ein matbit og drikke og slå av ein prat med kvarandre.



## Olsokgudsteneste i Sandnes kapell

**Tekst: Knut Gakkestad. Foto: Gunvor Hovet Skjøtskift**

Olsokgudstenesta samla i alt 66 menneske, så kapellet var heilt stappfullt, Det skuldast nok og at Valborg Frøysnes og mannen, døypte barnet sitt Anne Frøysnes. Gofa Torbjørn D Frøysnes fortalde at Valborg hadde vorte døypt i kapellet, og då tykte dei det var fint å døype vesle Anne også der.

Prest denne dagen var Kjell Steinbru, og organist var Knut Olav Uppstad. Teksta for dagen var henta frå Johannesevangeliyet der Jesus seier "Sanneleg, sanneleg eg seier dykk: Fell ikkje kveitekorntet i jorda og døyr, blir det verande eit korn, men døyr det gjev det stor grøde."

Dette er eit bilete på hans eiga liding, død og oppstode. Etter gudstenesta var vi mange som gjekk ned til stranda der Olav K og Gro Tove hadde tent bålpanna, og vi kunne grille mat vi hadde med. Gudstenesta samlar og ein del feriefolk som det er gildt å treffe, og prate med.



Stolte foreldre, Rick Senley og Valborg Frøysnes med dåpsbarnet Anne Rosa Frøysnes.

### Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18, 4745 Bygland  
Bygland kommune: . . . . .37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

#### Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: . . . . .473 28 472  
E-post: kjell.steinbru@kirken.bygland.no

#### Vikarprest Frode Eikrem

Telefon: 936 76239  
E-post: frode.eikrem@birkenes.kommune.no

#### Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: . . . . .982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

#### Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Marit Taksdal  
Mobil: 414 02881  
E-post: taksdalmarit@gmail.com

Nestleiar: Guro Kvaale Skibsrud  
Mobil: 913 26596  
guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no

#### Tilsette Organist

Hans Jurgen Wiehe . . . . .915 47 804  
Knut Olav Uppstad (eige firma)  
Mobil: . . . . .400 41041  
Mail: uppstad@gmail.com

#### Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

#### Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. . . . .462 39056

#### Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane . . . . .977 74 321

#### Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid . . . . .462 39 056

#### Klokkar, Austad

Svein Kleivane . . . . .977 7 4321  
Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

#### Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) . . . . .975 07034  
Marie Bue (Bygland) . . . . .48 210259  
Gro Tove Frafjord Sandnes  
(Sandnes) . . . . .950 44185

#### Prostidiakon

Åse Gudrun Thortveit . . . . .916 85159  
Mail: aasegudrun@hotmail.com

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



**Sommarmorgon over KVS Bygland.  
Foto: Olav Nilsen**